



FYRESDAL KOMMUNE  
Klokkarhamaren 6  
3870 FYRESDAL

**Seksjon Samfunn og plan**

Vår dato: 30.01.2026  
Deres dato: 12.01.2026  
Vår referanse: 26/00361-2  
Deres referanse: 2025/1478-2  
Vår saksbehandlar: Kristine Gisholt

## **Uttale til endring etter enklare prosess (pbl. §12-14) av reguleringsplan for Molandsmoen industriområde - planID 200402 - Fyresdal kommune**

Telemark fylkeskommune viser til oversending datert 12. januar 2026 om endring av reguleringsplan for Molandsmoen industriområde i Fyresdal kommune. Uttalefristen er sett til 09. februar 2026.

### **Formålet med og bakgrunnen til planarbeidet**

Formålet med endringa er å omregulere de aktuelle areala til reguleringsføremål Datasenter. På gbnr. 38/117 er det snakk om etablering i eksisterande bygg. På gbnr. 38/136 er det snakk om ny etablering. Ein vil også ta ein gjennomgang av føresegnene til planen da desse er frå 2004 og det kan vere endringar i overordna føringar og andre forutsetningar som gjer at dei bør justerast.

Fyresdal kommune vurderer førebels at endringa ikkje går ut over hovuddrammene i planen og heller ikkje berører omsynet til viktige natur- og friluftsområde, og derfor kan behandlast etter enklare prosess, jf. pbl § 12-14.

### **Rollene og ansvaret til fylkeskommunen**

Telemark fylkeskommune har fått planforslaget til uttale i medhald av plan- og bygningsloven (pbl) § 12-14.

Fylkeskommunen skal bidra til at nasjonale og regionale føringar blir følgt opp i alt planarbeid. Vi har ei rolle som regional utviklingsaktør, planstyresmakt og planfagleg rettleiar. Uttalen frå fylkeskommunen blir gitt med grunnlag i mål, prinsipp og tilrådingar, slik dei er nedfelte i overordna nasjonale og regionale styringsdokument.

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark og Vestfold og Telemark fylkeskommune inngjekk ein samarbeidsavtale 13. januar 2021. Avtalen inneber at fylkeskommunen varetek interessene til barn og unge i reguleringsplanar, også på vegner av Statsforvaltaren. Avtalen avgrensar ikkje Statsforvaltaren tilgang til å fremje motsegn. Denne samarbeidsavtalen blir inntil vidare vidareført mellom Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark og Telemark fylkeskommune.

### **Vurderinga frå fylkeskommunen**

### Næring

Fylkeskommunen ser det som positivt at Fyresdal kommune legg til rette for ny næring gjennom ei pragmatisk saksbehandling. Det sender signal om at ein ønsker at verksemder etablerer seg i kommunen. Gode klima og energiløysingar vil vere attraktive for å halde på og tiltrekke seg ny næring. Tilrettelegging for grøn næring vil vere eit konkurransefortrinn.

### Klima og energi

Ein bør gjennom planen legge til rette for at byggmassen blir sett i stand til å dekke mest mogleg av eige energibehov.

I tråd med regional klimaplan for Telemark anbefaler vi at det blir sett krav til miljøsertifiserte leverandørar, av varer og tenester, og dessutan lågt klimafotavtrykk for gjennomføring. Det bør også vurderast å sette krav til fossilfrie, utsleppsfrie og avfallsfrie bygg og anleggsplassar.

### Konklusjonen frå fylkeskommunen

Etter vurderinga frå fylkeskommunen vil ikkje endringa av reguleringsplanen vere i strid med interessene vi er sette til å vareta, og vi støttar endringa.

Med helsing

Tor Arne Hellkås  
Seksjonsleder  
Avdeling

Kristine Gisholt  
rådgiver  
kristine.gisholt@telemarkfylke.no

*Dokumentet er elektronisk godkjent og sendes utan signatur.*

Mottakere:  
FYRESDAL KOMMUNE

Kopi til:  
STATSFORVALTEREN I VESTFOLD OG TELEMARK  
STATENS VEGVESEN

Saksbehandlar  
Kristine Gisholt - hovudsaksbehandlar  
Geir Sørum - næring, klima

tlf. 92 81 20 52  
tlf. 93 45 80 33

e-post: [kristine.gisholt@telemarkfylke.no](mailto:kristine.gisholt@telemarkfylke.no)  
e-post: [geir.sorum@telemarkfylke.no](mailto:geir.sorum@telemarkfylke.no)